

# ÅRSMELDING 2013



## INNHALD

Innhald .....	2
Innleiing.....	3
Verksemd .....	3
Posisjon .....	4
Representantskap .....	4
Styret.....	4
Rådmannsmøter.....	5
Administrasjon .....	5
Informasjonsarbeid .....	5
Satsningsområde 2013.....	6
1. Effektiv samhandling kommunale tenester. ....	6
Prosjekt Samhandling på Sunnmøre.....	6
Prosjekt Oppvekst.....	7
Prosjekt eKommune Sunnmøre.....	9
Prosjekt Energieffektivisering .....	10
Mission Possible – Vern av barn .....	11
2. Regional næringsutvikling. ....	12
Prosjekt Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK).....	12
Prosjekt Innovasjon som strategi for samfunnsutvikling.....	13
3. Fremje felles interesser overfor stat og fylke.....	13
Prosjekt Sunnmøre Soningscenter.....	13
Avslutning.....	14

## INNLEIING

Det har vore eit aktivt og spennande år i Sunnmøre Regionråd IKS i 2013.

God deltaking på våre fellesmøter med alle kommunane, samt gode debattar der dei ulike representantar har hatt høve til å kome med sine ytringar og synspunkt i dei sakene vi har handsama. Sunnmøre Regionråd skal vere eit felles organ for alle kommunane på Sunnmøre.

Selskapet si målsetting er å bidra til ei positiv utvikling i regionen og i medlemskommunane. Regionrådet skal også vere ein aktiv pådrivar der vi legg vekt på regional samfunnsutvikling, legge til rette for næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Med andre ord legge til rette for at regionen skal utvikle seg på ein måte som fører til bedre samhandling, både i privat og offentleg sektor.

Vi ynskjer heile tida å vere tydelege og synlege på dei oppgåvene og prosjekta vi arbeidar med. Derfor er det viktig med ein god dialog både i styret og representantskapet. Noko vi har fått til gjennom god dialog og samarbeid.

Administrasjonen er også glade for at rådmannsmøta har blitt hyppigare det siste året. Dette gjer at rådmennene har høve til å bidra på ein sterkare måte i viktige saker. Det er viktig at vi får med oss også den kompetansen i vårt arbeid.

Vi arbeidar med fleire prosjekt, samhandlingsreforma, energieffektivisering, barnevern, oppvekst og samfunnsutvikling Sunnmøre. Sunnmøre Regionråd har dugande medarbeidarar som står på kvar dag i sine prosjekt og for at kommunane skal ha høve til bedre samhandling. Dei fleste av medlemskommunane deltek aktivt i desse prosjekta, og det er inspirerande for oss som er tilsett i regionrådet.

Samfunnsutvikling Sunnmøre er ei vidareføring av Sunnmøre i framtida. Prosjektet er ei stor og viktig sak for alle medlemskommunane, samt heile regionen. Dette er ei sak styret har arbeidd aktivt med det siste året. Administrasjonen og styret har med hensikt brukt mykje tid på dette for å finne veien vidare.

Prosjektet handler om kor attraktiv vår region skal vere og bli framover. Denne saka omfattar heile vårt arbeid både i notid og framtid. Arbeidet skal foregå i tett samarbeid med andre aktørar innanfor næringsliv, forskning, utdanning og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Det er også verdt å ta med at vi har møter også med dei to andre regionråda i fylket, då vi meiner det er viktig å sjå enkelte saker i enda større perspektiv enn å tenke berre Sunnmøre åleine.

Sunnmøre Regionråd vil vere med å skape arenaer og møteplassar for samhandling, samt initiere og drive regionale utviklingsprosjekt, og arbeide og legge til rette for regional utvikling.

På denne måten med å samarbeide med andre aktørar, kan vi bidra til at Sunnmøre fortsatt skal vere ein aktiv og attraktiv region i framtida. Det er ei stor utfordring, men saman kan vi klare å få det til.

## VERKSEMD

Sunnmøre regionråd er regional utviklingsaktør og samarbeidsorgan for 19 kommunar på Sunnmøre og i Romsdal med nærare 150 000 innbyggjarar.

Regionrådet sine satsingsområder er effektiv samhandling for dei kommunale tenestene, regional næringsutvikling og fremming av felles interesser overfor fylke og stat.

Medlemskommunane er Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørsta, Ørskog og Ålesund.

## POSISJON

Sunnmøre regionråd er det største regionrådet i Norge målt etter antal medlemskommunar. Selskapet skal bidra til ei positiv utvikling i regionen samla og i medlemskommunane.

## REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er Sunnmøre Regionråd IKS sitt høgste organ og består av ordførarane i deltakarkommunane. Representantskapet har minst fire møter i året.

## REPRESENTANTSKAPSMØTER

Det vart halde 3 representantskapsmøter i 2013.

På møte nr. 1-2013 var tema Sunnmøre Museum, mobilt vitensenter for Møre og Romsdal, nytt behandlingstilbod på Kypros, aktuelle saker frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, regional plan for kulturminne, uttale om framtidig driftsmodell for Mork rehabiliteringssenter, 110-sentralen og nytt fengsel på Sunnmøre.

På møte nr. 2-2013 var tema Sunnmøre i endring, aktuelle saker frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, orientering om fiberutbygging i samband med kraftutbygging Ørskog-Fardal, ressursituasjonen i Sunnmøre politidistrikt og prosjektet Mission Possible – vern av barn.

Møte nr. 3-2013 var årsmøte med handsaming av årsmelding og rekneskap for 2012. I tillegg var tema Sunnmøre i utvikling sett frå regionrådet og kommunane Volda og Ålesund sin ståstad, aktuelle saker frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og val av nytt styremedlem og varamedlem i regionrådet.

Det var beramma eit fjerde møte i representantskapet 23. september, men dette vart utsett til 6. desember på grunn av at ein ønskte å bruk meir tid i styret på vidareføringa av prosjektet Sunnmøre i framtida før ein presenterte dette i representantskapet. Det viste seg imidlertid at det 6. desember var julesamling for ordførarar og rådmenn i regi av KS Møre og Romsdal. Det beramma representantskapsmøtet 6. desember 2013 vart av den grunn utsett til 17. januar 2014.

## STYRET

### **Styret i Sunnmøre regionråd var i 2013 slik:**

Bjørn Sandnes, ordfører Haram, styreleiar

Arnulf Goksøyr, ordfører Herøy, nestleiar

Geir Ove Vegsund, ordfører Sula, styremedlem

Anders Riise, ordfører Hareid, styremedlem

Kari Grindvik, varaordfører Skodje, styremedlem

Jarle Bjørn Hanken, rådmann Ålesund, styremedlem

Ann Kristin Langeland, rådmann Stranda, styremedlem (skifta jobb – gjekk ut av styret)

Wenche Solheim, styremedlem (nytt styremedlem etter Langeland - valt på årsmøtet)

### **Varamedlemmer**

Bjørn Inge Ruset, ordfører Norddal (første vara)

Geir Inge Lien, ordfører Vestnes (andre vara)

Eva Kristin Fjørtoft, varaordfører Sandøy (tredje vara)

Turid Hanken, rådmann Haram (første vara)

Wenche Solheim, rådmann Ørsta (andre vara – valt til styremedlem på årsmøtet)  
Synnøve Vasstrand Synnes (nytt andre varamedlem etter Solheim – valt på årsmøtet)

## STYREMØTER

Det vart halde 8 styremøter i 2013. 64 saker vart handsama. Blant sakene finn ein Sunnmøre i framtida, kommunestruktur, samhandlingsreforma, ressursituasjonen i Sunnmøre politidistrikt, nytt fengsel på Sunnmøre, møte med Mørebenken på Stortinget, prosjektet Mission Possible – vern av barn, 110-sentralen, orientering om fiberutbygging i samband med kraftutbygging Ørskog-Fardal, Sunnmøre Kulturnæringshage og vidareføring av prosjekt i Sunnmøre regionråd.

## RÅDMANNSMØTER

Det vart halde 4 rådmannsmøter i 2013. Møtestadar var Volda, Herøy, Norddal og Ulsteinvik. Blant sakene var aktuelle høgskulesaker i Volda og framtidig høgskulestruktur, regionalt kultursamarbeid, prosjektet Mission Possible – vern av barn, kommunale rammevilkår, energieffektivisering og interkommunale samarbeid.

## ADMINISTRASJON

Jan Kåre Aurdal, dagleg leiar  
Vegard Sperre Austnes, rådgivar  
Torunn Måseide, prosjektleiar  
Einar Haram, prosjektleiar  
Øivind Hagen, prosjektleiar ( eKommune Sunnmøre fekk eigen organisasjon 01.02.2014)  
Anne Mette Liavaag, prosjektleiar  
Anne Venke Myren, prosjektleiar

## INFORMASJONSARBEID

---

NETTSIDER [WWW.SUNNMOREREGIONRAD.NO](http://WWW.SUNNMOREREGIONRAD.NO)

Det vart publisert 24 nyheitssaker på nettsidene i 2012. I 2011 var antal nyheitssaker 56.  
Nettsida blir også brukt til å marknadsføre konferansar og gi informasjon om dei ulike prosjekta.

## NYHEITSBREV

Det har kun blitt sendt ut eitt nyheitsbrev i 2013 til vel 850 abonnentar.

## FACEBOOK

Regionrådet fekk i løpet av året sin eigen facebookprofil. Pr. des 2013 var det 180 «følgjarar».

## SATSINGSOMRÅDER 2013

Sunnmøre regionråd sin strategi lyfter fram tre satsingsområder for perioden 2012 – 2015, og regionrådet har i 2012 gjennomført prosjekter og aktiviteter innanfor dei ulike områda:

1. Effektiv samhandling kommunale tenester
2. Regional næringsutvikling
3. Fremje felles interesser overfor stat og fylke

### 1. EFFEKTIV SAMHANDLING KOMMUNALE TENESTER

#### PROSJEKT SAMHANDLING PÅ SUNNMØRE

Kommunane i Sunnmøre regionråd var først ute i Møre og Romsdal med eit regionalt samarbeidsprosjekt om samhandlingsreforma. Prosjektet vart starta primo 2011, og vidareført i 2012 og 2013.

#### MÅLSETTING

Målet med prosjektet i 2011 var å utvikle felles samarbeids- og planleggingsstrukturar mellom kommunane på Sunnmøre og Helse Møre og Romsdal (HMR). Dette for å møte utfordringane i samhandlingsreforma om (mellom anna) betre koordinerte tenester for pasientane.

I 2012 vart det utarbeidd både felles kompetanse- og rekrutteringsplan og felles plan for elektronisk samhandling for sunnmørskommunane og HMR. Truleg var ein på Sunnmøre først ute i Norge med ein felles kompetanse- og rekrutteringsplan mellom kommunar og helseføretak.

#### ARBEIDET I 2013

I samhandlingsgruppa møtast kommunalsjefar/einingsleiarar frå 18 kommunar. Gruppa vart etablert i 2011. Det er godt framme og stor aktivitet i i gruppa som i 2013 hatt 7 møter og handsama 49 saker. Ei viktig oppgåve for gruppa er ivaretaking av kommunane sine interesser i samhandlinga med HMR.

Ved å samle den fremste helsefaglege og helseadministrative kompetansen som finst i kommunane i same gruppe, vert kommunane saman sterke. Samhandlingsgruppa er operativ, og lager uttaler om viktige saker, initierer og deltek i prosjekt- og utgreiingsarbeid, og peikar ut representantar til partssamansette utval. Andre ressurspersonar i kommunane (fagspesialistar) vert trekt med etter behov.

Samhandlingsgruppa lager forslag til uttale om viktige helsepolitiske saker som vert vidare handsama i styret i regionrådet. Dette gjaldt i 2013 mellom anna kommunane sitt forhold til den spesialiserte rehabiliteringa og framtidig drift av Mork rehabiliteringssenter, samt høyring om forslag til ny AMK-struktur i Helse Midt-Norge.

Samhandlingsgruppa laga i 2013 også uttale til forslag om avviksmeldesystem mellom kommunane og HMR, høyring om organisering av avtalespesialistar i Midt-Norge, og høyring om organisering og praksis i ambulante akutteam som del av akuttenester ved distriktspyskiatriske sentre.

Samhandlingsgruppa sette også ned ei arbeidsgruppe som skulle avklare kommunane sine synspunkt i samband med revisjonen av samarbeidsavtalane med HMR. Vidare innstilte samhandlingsgruppa overfor styret

i regionrådet på kven som skulle delta frå sunnmørskommunane i forhandlingsutvalet. Resultatet var at sunnmørskommunane i betydeleg grad fekk gjennomslag for synspunkta sine i forhandlingane med HMR.

Andre saker og spørsmål det har vore arbeidd med er mellom anna samarbeid med HMR om ny ordning for turnuslegar. Samhandlingsgruppa har også utveksla erfaringar når det gjeld etablering av øyeblikkeleg hjelpetilbod. Ein del av kommunane samarbeider også om å utgreie dette. Vidare er ein del av kommunane med i eit prosjekt om Velferdsteknologi. Erfaringane i prosjektet vert delt i samhandlingsgruppa.

HMR har delteke på nokre av møta i samhandlingsgruppa for å drøfte samarbeid og samhandling. Mellom anna har leiinga for Vaksenpsykiatrisk avdeling delteke på temaet psykiske helse. Strategi- og utviklingssjefen og samhandlingssjefen i HMR har delteke for å orientere om arbeidet med utviklingsplanen for sjukehusa og drøfte korleis ein skal handtere samhandlingssaker framover.

---

## VIDARE ARBEID

To hovudutfordringar kan identifiserast i det vidare arbeidet med samhandlingsreforma:

1. Reforma har for svake økonomiske verkemiddel til kommunane til at det vert mykje nyttenking.
2. Regionrådet (og kommunane) manglar ressursar til å matche HMR når det gjeld å sette seg inn i saker og drive utviklingsarbeid.

HMR har primo 2014 teke initiativ til eit arbeid kalla «Samhandlingsstrategi for Møre og Romsdal.» Samhandlingsstrategien handlar om utvikling av samarbeid og samhandling mellom kommunane og helseføretaket (i gjensidig avhengigheit) ved utforming av framtidige helsetenester til innbygarane i fylket.

Eit viktig føremål med samhandlingsstrategien er å styrke dialogen mellom partane på eit fagleg nivå, og at både helseføretaket og kommunane må endre seg. Ein ønskjer å få til meir handling, dvs. få meir ut av det potensialet som er intendert i samarbeidsavtalane.

Samhandlingsstrategien vert blant dei sakene som samhandlingsgruppa vil følgje opp på møta i 2014.

## PROSJEKT OPPVEKST

---

### MÅLSETTING

Skape ein sterk kompetanseregion på Sunnmøre i skule og barnehage.

Sikre kvalitets og kompetanseheving og fagleg og organisatorisk utvikling i skule og barnehage.

---

### ARBEIDET I 2013

2013 var eit aktivt år i Sunnmøre regionråd Oppvekst.

Det har vore totalt 6 nettverksmøte for kommunalsjefar, konsulentar, rådgivarar og skule- og barnehage ansvarlige på nordre Sunnmøre. I forkant av møta har arbeidsutvala tatt opp saker og satt agendaen.

Arbeidsutvala både for barnehage- og skulesatsing i regionen har hatt fokus på felles utfordringar og behov i kommunane på nordre Sunnmøre.

Fleirspråklege barn og unge:

Eit felles satsingsområde både for skule og barnehage i regionen er språkutvikling og integrering av fleirspråklige barn og unge. Det er behov for kompetanse på dette fagfeltet i alle kommunar i regionen både i barnehage og skule i forhold til økt arbeidsinnvandring til kommunane i regionen.

Eit kompetansekurs over 2 dagar våren 2013 for tilsette i barnehage med fokus på språkopplæring av minoritetsspråklige barn, gav både inspirasjon og tips om gode grep for språkopplæring i barnehagen.

I skolen var det hausten 2013 ein kursdag for skuleeigar og skuleleiar i forhold til lovverk og formalia for opplæring av fleirspråklige barn og unge. I tillegg var NAFO vår samarbeidspartner gjennom 2 kursdagar med mellomarbeid for lærarar på barne- og ungdomssteget der fokuset var kartlegging og kompetansebygging i språkopplæring, mestring og mangfald. Å opparbeide god kompetanse i forhold til språkopplæring og integrering av fleirspråklige barn er et viktig satsingsområde også for framtida.

Stortingsmelding 22: Motivasjon, mestring og moglegheiter:

Kravet til å tilby nye valfag er en felles utfordring for alle skuleleiarane for ungdomssteget i regionen. Arbeidet med valfag førte til ein Valfagkonferanse 12. februar 2013 med aktuelle kompetansetilgjø. Kunnskapsminister Kristin Halvorsen var innleiar på konferansen som samla 200 deltakarar frå hele Sunnmøre.

Vurdering for læring:

Dette er ei stor satsing på vurdering som fremjar læring på heile grunnskuleløpet, barnetrinn og ungdomstrinn. De 4 prinsippa om mål for timen, kriterier for å nå måla, konstruktiv tilbakemelding og elevinvolvering har hatt fokus i denne satsinga og arbeid i lærande nettverk har vore sentralt. Erfaringsdeling har gitt mange gode innspel til vidare arbeid på kvar av skulane som har deltatt i satsinga. Det er søkt midlar til vidareføring av denne satsinga 2014-2015.

Danning:

Kompetansedag for styrarar i barnehagen med samling i Brattvåg i samarbeid med høgskulen i Volda. Tema: Danning som omgrep og korleis jobbe med danning i barnehagen i ulike samanhengar i forhold til barnehagens samfunnsmandat.

KR-prosjektet:

Sunnmøre regionråd Oppvekst har på vegne av kommunane deltatt som ein av fleire aktørar i arbeidet med plan for kompetanse og rekruttering i Maritim næring. Arbeidet har resultert i ein plan for opplæring for å ta vare på behovet for rekruttering og kompetanse i næringa i framtida.

Fagdage-2013:

En gigantsatsing på kompetanse og inspirasjon ved skolestart med 13 ulike kurstilbod over 2 dagar. Godt oppmøte på de fleste kursa og gode tilbakemeldingar frå deltakarar og kommunar.

Karrieredager og utprøving:

Karrieredagar i Sunnmørshallen med fokus på val av linje i Vidaregåande skule for elever på dagtid og elever og foreldre på kveldstid 2 dagar. SR representerer kommunane i satsinga.

Utprøving er elever frå 10.klasse i grunnskolen som får tilbod om hospitering i 2 dagar på vidaregåande skule. SR var med og organiserte utprøving for elevar på nordre Sunnmøre i samarbeid med Møre og Romsdal Fylke.

Førskolelærerutdanning:

Regionen har desentralisert førskulelærerutdanning med 57 studentar som starta på det andre studieåret i 2013. Det er Høgskulen i Volda som har det faglige ansvaret for denne utdanninga.



#### Møteplasser og nettverk:

I alle satsingar Sunnmøre regionråd oppvekst organiserer er det viktig å skape møteplasser som gir rom for samarbeid på alle nivå. Utveksling av kunnskap og kompetanse på tvers av kommunegrenser er nødvendig for å halde oppe eit godt regionalt samarbeid.

## PROSJEKT EKOMMUNE SUNNMØRE

### VERKSEMDSOMRÅDE

eKommune Sunnmøre er eit IKT-samarbeid, organisert etter kommunelova §27. Deltakande kommunar er Ålesund, Haram, Sula, Giske, Skodje, Ørskog, Norddal og Sandøy.

01.02.2013 vart eKommune Sunnmøre reorganisert. Fortsatt som eit samarbeid etter kommunelova §27- med eit eige styre og eit Strategi- og bestillarledd, men no også med Ålesund kommune som vertskommune for IKT drift (Kommunelova 28 1b).

Styret er samansett av rådmennene i alle dei deltakande kommunane, med rådmann Stig Holmstrøm (Norddal kommune) som styreleiar fram til november då rådmann Synnøve Vasstrand Synnes (Ørskog kommune) vart valt til ny leiar. Kommunalsjef i Ålesund kommune Bjørn Ivar Røddal er nestleiar i eKommune Sunnmøre, som stedfortredar for rådmann Jarle Bjørn Hanken. eKommune Sunnmøre har eigne vedtekter, samt ein samarbeidsavtale mellom dei deltakande kommunane.

### MÅLSETTING

- IKT-samarbeidet har som målsetting å oppnå fylgjande:
- Betre og fleire digitale tenester til innbyggjarar og næringsliv.
  - Meir profesjonalitet, betre driftskvalitet og –stabilitet.
  - Reduserte kostnader på innkjøp, opplæring og drift.
- Dvs: Oppfylle krava i KS sin IKT-strategi «eKommune 2012».

### AKTIVITET 2013

eKommune Sunnmøre fekk ny organisering 01.02.2013, med etableringa av Ålesund kommune som vertskommune for ikt-drifta i alle kommunane. Verksemdsoverdraging vart også foretatt, noko som førte til at dei fleste ikt-konsulentane i kommunane vart overført til Ålesund kommune. Prosjektleiar for eKommune Sunnmøre gjekk over frå prosjektstilling i Sunnmøre regionråd til stilling som leiar for eKommune Sunnmøre.

## PROSJEKT ENERGIEFFEKTIVISERING

### MÅLSETTING

Realisere vedtaka energi- og klimaplanene vedrørende stasjonær energi til 12 kommunar: Giske , Haram , Norddal , Sandøy, Skodje , Stordal , Stranda, Sykkylven , Sula , Vestnes, Ørskog, Ålesund .

### AKTIVITET 2013

#### Forventa resultat:

Reduksjon av energiforbruket med minst 25 % i forhold til forbruket i 2009, dvs 28 mill kWh. Resultat 365 mill. kr. i akkumulert gevinst etter 25 år ved energipris på 0,8 kr/kWh. Utskifting av 12809 HQL veglysmatur med LED-lys armaturer vil gi ein akkumulert gevinst på 112 mill. kr. etter 25 år.

Status vedrørende utskifting av LED-armatur er: Tilbud på 12809 armaturer ble mottatt og evaluert våren i 2013 og kontrakt med leverandørene ble skrevet for de fleste kommuner før ferien. Nokre kommunar måtte ha det opp til politisk behandling i kommunestyra etter ferien . Dette gjaldt spesielt Haram og Vestnes kommunar. Kontrakter for Giske , Ålesund , Sula , Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje vart signert før ferien. Etter ferien vart kontrakt for Sande kommune med Tussa Nett AS som leverandør signert. Etter godkjenning i kommunestyra til Haram og Vestnes vart også kontrakta deira signert med Nordvest Nett AS som leverandør.

Det vart totalt skifta ut 1100 armatur i fjor haust. Det vert arbeidd med å få på plass kontrakter for Stranda, Sykkylven og Volda kommunar.

#### Energimerking:

Vi kjem til å avslutte gjennomført energimerking på ca 300000 m2 kommunal bygningsmasse i løpet av 2014.

#### Energikartlegging:

For dei kommunane som er ferdig med energimerking har vi starta energikartlegging for å finne ut kva tiltak ein bør sette i verk for å få ein optimal reduksjon av energiforbruket også med tanke på tilskot frå ENOVA . Dette arbeidet er startet i Haram, Vestnes, Sandøy og Stordal. Dette prosjektet vert finansiert med eigeninnsats og av ENOVA.

#### EPC-kontrakter.:

Vi arbeider for å få i stand EPC- kontrakter (energispare kontrakter) for raskest mogleg å få realisere det sparepotensialet som er kartlagt ved energimerking og energikartlegging.

#### Førebyggjande og haldningsskapende arbeid:

Det vart halde Regnmakerskule i regi av ENOVA for 4.-7.-klassetrinn i 14 kommuner i 2013 og med avslutning den 13. juni med Regnmakerdagen på Tueneset i Ålesund med ca 450 elevar og 50 lærarar. Regnmakerskulen vert videreført i skulene i 2014 .

#### Digital handbok i energileiing:

Vi har i fleire år arbeidd for å få på plass ei handbok i energileiing for Ålesund kommune , den er no til godkjenning. Fleire av de andre kommunane har teke i bruk den digitale versjonen.

#### Tilskot frå ENOVA :

Prosjektleiari lagar søknadar til Enova til investeringar i prosjektet og innen utgangen av 2013 hadde ENOVA gitt tilsegn om 16.1 mill kr.

CO2 reduksjon: Når alle disse tiltaka er gjennomført vil dette føre til ein årleg reduksjon av CO2 utslipp med ca 10,5 mill kg CO2 pr år.

## MISSION POSSIBLE – VERN AV BARN

### MÅLSETTING

Overordna mål å sikre tidleg, rett og koordinert hjelp til barn og unge i risiko – VERN av BARN.

### ARBEID I 2013

#### Historikk:

Kompetanseløft barn og unge Sunnmøre var ei systematisk satsing på barnevern og barnevernleiing, i regi av kommunane på Sunnmøre gjennom Sunnmøre regionråd og Bufetat. Frå januar 2013 blei gjekk Helse Møre og Romsdal og Politiet inn i prosjektet, og målgruppa for prosjektet vart utvida til leiarar på politisk, administrativt og fagleg nivå - med ansvar for tenester til barn, unge og familiar hos alle aktørane. I samband med dette blei namnet på prosjektet endra til Mission Possible - tanken er at oppdraget – korleis ein SAMAN kan sikre VERN AV BARN – kan utførast under føresetnad av at ein evnar å styrke samhandling på tvers.

#### Arbeidsform - organisering – metode – verktøy:

Målsettinga i denne prosjektfasen er å styrke alle ledd og koblingar i kjeden som skal sikre tidleg, rett og koordinert hjelp til barn i risiko. Satsinga er strategisk og innovativ, og for å styrke medverknad frå aktørar spreidd over stort geografisk område nyttar ei arbeidsform med nettverk som organisasjonsform, nettverksledelse som metode og tek i bruk eit IKT-samhandlingsverktøy som støttar metoden.

#### Aktivitetar 2013:

- 11.febr – oppstartsamling Ålesund - 212 deltakarar
- 16.-17.april – samling Geiranger – 159 deltakarar .- Beredskap barn i risiko
- 3.juni – samling Ålesund – 113 deltakarar – tema Intern samhandling
- 20.sept – samling Brattvåg – 248 deltakarar – tema Teieplikt, opplysningsplikt
- 14.-15.okt – samling Ålesund – 233 deltakarar – tema Tidleg intervensjon og samhandling

I tillegg har det vore mange møter i styringsnettverk ( representantar for overordna strategisk leiing hos aktørane) og referansenettverk ( representantar for alle fagtenester som er involvert i prosjektet)

Dyktige eksterne fagpersonar og representantar frå BUFdir, helsedir, barneombudet har delteke på samlingane. Mission Possible blei også i august 2013 presentert på felles nasjonal konferanse i regi av Barne, likestillingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, kunnskapsdepartementet, justisdepartementet – ”Du ser det ikke før du tror det”

#### Erfaringar:

Gjennom 2013 har ein erfart at arbeidsforma som er valt - med nettverk som organisasjonsform, nettverksledelse som metode og IKT-samhandlingsverktøyet Crosswall – har vist seg å vere nyttig. Det blir rapportert om god effekt på energi, entusiasme, oppslutning og lyst til å bidra.

#### Sagt om Mission Possible:

- veldig bra kvalitet i kompetansehevande tiltak
- inspirasjon til å intensivere intern samhandling
- positiv effekt på energi, entusiasme, lyst til å bidra
- nedbygging av profesjonsbarrierer, mindre vanntette skott
- felles fokus på noko som er større enn oss sjølve – eit felles fokus på noko vi saman skal løyse

- auka fokus på muligheter – mindre fokus på begrensningar

## 2. REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING.

### PROSJEKT LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING I KOMMUNANE (LUK)

#### BAKGRUNN

Satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) skal sette kommunane i betre stand til å planlegge, mobilisere, samarbeide og gjennomføre utviklingstiltak. Målet er å styrke kommunane og regionen sin attraktivitet for tilflytting og rekruttering. Satsinga er ei femårig satsing frå Kommunal- og reigonaldepartementet for perioda 2011 – 2015.

Prosjektet starta i august 2011. Anne Mette Liavaag har vært tilsett som prosjektleiar.

#### ARBEIDET I 2013

##### Kompetanseløft innan utviklingsarbeid og prosessleiing:

Prosjektet vart gjennomført i perioden januar 2012 – august 2013 og hovedmålet har vore å styrke kompetansen hos politikarar og tilsette i kommunane til å planlegge, mobilisere, samarbeide og gjennomføre plan- og utviklingsprosjekter i lokalsamfunnet.

Regionrådet har utvikla eit skreddersydd studium (15 studiepoeng) for kommunane og totalt 64 personar har delteke. Studiet vart gjennomført i samarbeid med PwC og Universitetet for miljø og biovitenskap. Studiemodellen har også blitt gjennomført i kommunane på Nordmøre og i Romsdal med fylkeskommunen som arrangør. Prosjektet er støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune og KS.

##### Regionalt kulturløft:

Foresightanalysa «Sunnmøre i framtida» trekker fram betydninga av eit godt kulturtilbod for å styrke Sunnmøre som bu- og arbeidsmarknadsregion. Begrepet «den kulturelle gullkysten» brukast som formulering på ei regional målsetting.

Regionrådet har gjennom LUK-satsinga delteke i eit arbeid for å styrke det interkommunale samarbeidet på kulturområdet. Arbeidet starta med ein regional kulturkonferanse i 2012 der det vart uttrykt semje om ei felles satsing. I 2013 blei det arrangert ei to-dagars samling i Geiranger der kulturleiarar i kommunane saman med politisk og administrativ leiing i kommunane vart invitert. Målet med samlinga var å sjå på aktuelle samarbeidsområder og arbeidsmåtar for eit regionalt kulturløft. I etterkant av samlinga har ei arbeidsgruppe jobba vidare med eit «Moglegheitsdokument» som oppsummerar målsetting, aktuelle tiltak, organisering og vidare arbeid for å auke det regionale kulturarbeidet. Arbeidet har fått kr 250.000 i LUK- midler frå fylkeskommunen.

##### Tilskotskurs:

Hausten 2013 blei det gjennomført ei kursrekke for å styrke kompetansen til kommunar og frivillige organisasjonar innan tilskotsordningar. Bakgrunnen var at det finst mange ulike ordningar som det er vanskeleg å orientere seg i. Dette fører til at både kommunar og frivillige organisasjonar kvart år går glipp av store beløp og må skrinlegge prosjekter som kunne hatt stor betydning.

Det blei gjennomført totalt 24 kurs fordelt på 6 stadar i regionen. Totalt deltok om lag 800 personar.

Prosjektet blei støtta av Sparebanken Møre med kr 100.000 og Møre og Romsdal fylkeskommune med kr. 150.000.

## PROSJEKT INNOVASJON SOM STRATEGI FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Prosjektet vart starta opp våren 2013,

Prosjektet har kobla dialogen mellom ÅKP og SR i spørsmål knyttet opp mot samspelet mellom næringssektoren og offentleg sektor. Sentralt står regionen som attraktivt område å etablerer seg i for næringsverksemd og mennesker.

Det er i dag ei betydeleg merksemd knytt til dei «vellykka» regionane, der politiske og økonomiske aktørar byggjer den regionale identiteten rundt;

- Økonomisk tyngde – sterke næringsklynger, høg verdiskaping, global eksponering, fremtidspotensiale.
- Innovasjonsevne - korleis samspelet vert utvikla mellom sentral samfunnsaktørar som bedrifter, kunnskapsmiljø og offentlege verksemdar for å byggje kapabiliteter, kunnskap, regional næringskultur, nettverk og regionale fortrinn.

For regionrådet gjer dette at det i ein strategisk samanheng må gjerast nokre val. Ikke minst når det gjeld perspektiva på regionrådet si rolle som understøttar verdiskaping i framtida. Prosjektet har levert bidrag til SR sin strategiprosess med tema: «Sunnmøre Regionråd som drivkraft i den regionale utviklingen».

## 3. FREMJE FELLES INTERESSER OVERFOR STAT OG FYLKE.

### PROSJEKT SUNNMØRE SONINGSSENTER

Sunnmøre manglar soningsplassar og Ålesund fengsel har ikkje dei fasilitetane ein forventar av eit moderne fengselsanlegg.

Våren 2013 tok regionrådet initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe bestående av Per Sigurd Våge (Regiondirektør i Kriminalomsorgen Region vest), Leif Waage (assisterande regiondirektør i Kriminalomsorgen region vest), Beate Hølmekvold (arkitekt og professor ved AHOs Institutt for form, teori og historie), Hans Inge Jørstad (fengselsleiar Ålesund fengsel til august 2013), Kjartan Helland (fengselsleiar Ålesund fengsel frå august 2013), Magnhild Savheim ( Møre og Romsdal friomsorgskontor), Annhild Viken Sunde (Møre og Romsdal friomsorgskontor), Turid Hanken (styremedlem Sunnmøre regionråd), Geir Ove Vegsund (styremedlem Sunnmøre regionråd), Jan Kåre Aurdal (dagleg leiar Sunnmøre regionråd) og Anne Mette Liavaag (prosjektleiar Sunnmøre regionråd.

Målet med arbeidet har vore å etablere eit kriminalomsorgssenter på Sunnmøre om skal vere eit samarbeid mellom fengselet og friomsorga. Dette vil vere det første i sitt slag i Europa. Senteret skal innehalde alle typer straffegjennomføring; fra høgaste sikkerheit til soning i samfunnet. Dette vil kunne bety betre styring, betre lokalt samarbeid, og enda betre utnytting av ressursane enn i dag.

Arbeidsgruppa har utarbeidd ein moglegheitsstudie som skildrar eit mogleg konsept for eit soningscenter på Sunnmøre. Planene vart presentert for Justis og beredskapsdepartementet 26.11.13. Det har også vore dialog om prosjektet med Vestlandsrådet v/fylkesordførar i Møre og Romsdal Jon Aasen. Aasen. Det har også vore fleire medieoppslag om saka.

## AVSLUTNING

Sunnmøre regionråd hadde i 2013 to fast tilsette. Dei andre er prosjektleiarar på tidsavgrensa prosjekt. Til saman var det på det meste 6 tilsette på heiltid i 2013. Av desse var det fire menn og to kvinner.

I styret var det i 2013 fem menn og to kvinner.

Selskapet driv ikkje med produksjon eller anna verksemd som forureinar det ytre miljøet.

Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråveret er lågt.

I årsrekneskapen er føresetnaden for fortsatt drift av Sunnmøre regionråd lagt til grunn, då det etter styret si oppfatning ikkje er forhold som tilseier noko anna.

Ålesund den 07. mai 2014

Bjørn Sandnes  
styreleiar

Arnulf Goksøy  
nestleiar

Kari Grindvik  
styremedlem

Anders Riise  
styremedlem

Geir Ove Vegsund  
styremedlem

Wenche Solheim  
styremedlem

Jarle Bjørn Hanken  
styremedlem